
Fra: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>
Sendt: torsdag 9. februar 2017 14.47
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming
Vedlegg: 15018_Fammestad_planføresegner_2.gangs_09.februar2017_II.docx;
15018_Fammestad_planføresegner_2.gangs_09.februar2017_med_m
arkerte_endringar.pdf.docx

Sjå vedlegg☺

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen
Samfunnsgeograf · planleggar
Ard arealplan as
Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 9. februar 2017 14:41
Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>
Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei!

Flott! Og ja, ta med presiseringa, det var meininga at denne føresegna berre skal omtale det som ligg innanfor området avsett til leik.

Med venleg helsing



Kristin Nielsen
Arealplanleggar/siv.ark
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]
Sendt: torsdag 9. februar 2017 14.36
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei, eg har snakka med tiltakshavar og det er greitt for dei å ta dette inn. Eg gjer rekning med at det er snakk om ein gangveg innanfor leikearealet? Det bør i så fall presiserast, for dette kan lesast som om det er fram til leikearealet og der har me jo fortau.

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen
Samfunnsgeograf · planleggar
Ard arealplan as
Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 9. februar 2017 14:10
Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>
Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei igjen!

Vi har framlegg til ei ny føresegn som vi lurar på om de ønskjer å ta direkte inn i føresegnene før 2. gangs handsaming:

«Det skal opparbeidast ein gangveg inn i leikeområdet med minimum 1,4 meter breidde og stigning på maks 1:20. Gangvegen skal ende i eit planert areal på minimum 50 m² som er avsett til leik og rekreasjon. Både gangvegen og det planerte arealet skal ha fast og sklisikkert dekke.»

Dette er for å imøtekome uttale frå Levekårsutvalet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Med venleg helsing



Kristin Nielsen
Arealplanleggar/siv.ark
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]
Sendt: torsdag 9. februar 2017 12.16
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Ok, flott!

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen
Samfunnsgeograf · planleggar
Ard arealplan as
Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 9. februar 2017 12:15
Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>
Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei!

Dette er greitt, no har eg oversikt over metoden.

Med venleg helsing



Kristin Nielsen
Arealplanleggar/siv.ark
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]
Sendt: torsdag 9. februar 2017 10.58
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei, Det dokumentet eg sendte deg no har alle endringane som er gjort den 07.02.2017 og den 09.02.2017. Då eg sendte inn planframlegget til 2. gongs handsaming leverte eg inn eit dokument med markerte endringar datert 30.09.2016. Eg har ikkje eit dokument som samla viser alle endringane. Eg kan eventuelt lage til eit dokument som viser alle endringane om de ynskjer å få det slik, men normalt har vi gjort det slik at vi ved kvar innlevering begynner på nytt dokument med endringar.

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen
Samfunnsgeograf · planleggar
Ard arealplan as
Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 9. februar 2017 10:50
Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>
Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei!

Vi ønsker at de tar ut formuleringa «så langt det lar seg gjere». Her er det krav om at 40% av bueiningane skal vere universelt utforma, og disse må ha universelt utforma utomhusareal/tilkomst. Det må også vere mogleg å kome til alle dei andre bygga med t.d. barnevogn, rullestol og rulator. Ordet «prinsipp» i formuleringa «Utomhusareala skal utformast etter prinsipp om universell utforming.» opnar uansett opp for at om det ikkje må leggest til rette for fullverdig universell utforming av heile utomhusarealet, men at hovudprinsippa skal nyttast.

Har eg forstått det riktig at føresegnene slik dei ligg føre i dag har tydeleg markering av alle endringar som er gjort på dokumentet slik det vart sendt ut ved kunngjeringa, til slik det ligg i dag?

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen
Arealplanleggar/siv.ark
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]
Sendt: torsdag 9. februar 2017 10.28
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei, denne endringen ligger i dokumentet daterte 30.09.2016. Når eg har gjort endringar har eg markert desse og så har eg laga eit nytt dokument som er «reint». Når det då kjem nye endringar tar eg det «reine» dokumentet og markerer nye endringar i dette igjen. Vi tenkjer at det vert ryddigast på denne måten, men kan sjølvsagt gjere det annleis om de har ynskje om det. Sidan det berre var denne endringa no låg eg den inn i det same dokumentet med endringar frå 07.02.2017.

Eg har no tatt den inn igjen, men med ei ekstraformulering om at dette skal skje «så langt det lar seg gjera». Er dette ok?

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen
Samfunnsgeograf · planleggar
Ard arealplan as
Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 8. februar 2017 17:50
Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>

Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>

Emne: SV: Jydalen: endringer før 2. gangs handsaming

Hei!

Vi ser at i føresegn 2.1.1 har teksta «Utomhusareala skal utformast etter prinsipp om universell utforming.» forsvunne etter at planen har vore på høyring, utan at det er vist at den er fjerna. Kan du sende føresegnene på nytt der denne teksta er tatt inn igjen?

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen

Arealplanleggar/siv.ark

Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]

Sendt: tirsdag 7. februar 2017 13.47

Til: Kristin Schübeler Nielsen

Emne: SV: Jydalen: endringer før 2. gangs handsaming

Hei, det ser ut til at eg har rota litt her. Her er rett versjon. Vi treng for ti meter for å få til dei bygga som er tenkt her med den nye formuleringa med overkant golv i staden for gjennomsnittleg planeringshøgde.

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen

Samfunnsgeograf · planleggar

Ard arealplan as

Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]

Sendt: 7. februar 2017 13:33

Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>

Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>

Emne: SV: Jydalen: endringer før 2. gangs handsaming

Hei!

Takk for oppdatert materiale! I materialet vi fekk tilsendt etter høyringa er gesimshøgde tatt ut, samt at det er nytta 10 meter for mønehøgde i staden for 9 meter. I materialet frå i dag er gesimshøgde tatt inn igjen, og mønehøgda er 9 meter. Er dette dykkar endelege framlegg?

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen

Arealplanleggar/siv.ark

Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ann-Helen Nessen [<mailto:ahn@ardarealplan.no>]

Sendt: tirsdag 7. februar 2017 13.17

Til: Kristin Schübeler Nielsen

Kopi: Christian Hagerup Reinshol; anders.dalland@nhb.no

Emne: SV: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei,

Når det gjeld gesimshøgde og kor denne skal målast frå er dette tatt frå Eikhovdenplanen slik vi snakket om i tlf eller per e-post i etterkant av/samband med høyringa. Det har aldri vore tenkt at ein kunne velje om ein skal måle frå kjellar eller frå 1. etasje, men at dersom det var kjellar var det viktig at det ble målt frå kjellar og om det berre var 1. etasje på ein bustad var det viktig at det det vart målt derifrå. No har vi endra dette til «overkant golv i lågaste etasje».

Sjå vedlagde føresegn med endringane de ber om.

Plankart vert retta opp i så snart som mogleg og før torsdag 9. februar.

Gje meg ein tilbakemelding om noko er uklart!

Ha ein fin dag!

Med beste helsing

Ann-Helen Nessen

Samfunnsgeograf · planleggar

Ard arealplan as

Tlf: 926 54 320

Fra: Kristin Schübeler Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]

Sendt: 7. februar 2017 12:25

Til: Ann-Helen Nessen <ahn@ardarealplan.no>; post <post@ardarealplan.no>

Kopi: Christian Hagerup Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>

Emne: Jydalen: endringar før 2. gangs handsaming

Hei!

Vi held no på å ferdighandsame Jydalen, og har nokre spørsmål, mindre rettingar og tillegg vi ber dykk om å utføre. Har de høve til å levere dette **seinast i løpet av torsdag denne veka, 9. februar?**

Spørsmål:

- Vi ser at de etter høyringa har fjerna gesimshøgde og endra utgangspunktet for berekning av mønehøgde direkte i føresegnene (§ 4.1.2). Dette var eit av vedtakspunkta som Plan- og miljøutvalet tok særskilt stilling til ved 1. gangs handsaming. Verken de eller andre sendte inn merknad knytt til dette i høyringsperioden, og vi kan ikkje sjå at de har grunnlagt endringa. Kva er grunngevinga for endringa?
(Vi vil uansett orientere om at det står «Høgden målast frå overkant golv kjellar eller 1. etasje.» i byggesaka opnar for at ein kan velje om ein vil måle frå overkant golv kjellar eller 1. etasje, uavhengig av om ein har begge deler, og det er ikkje ei formulering vi kan tilrå å nytte. «Lågastliggende punkt overkant golv» kan vere eit alternativ.)

Mindre rettingar:


- Etter at det vart lagt inn tre nemningar på bustadområda (BFS1-BFS3), heng det att nokre feil i føresegnene. Dette gjeld dei to nest siste punkta under rekkjefølgekrava, § 3, der det skal stå «BFS2 og BFS3» i stadenfor «BFS1 og BFS2». Det same gjeld i § 4.3.1.

Tillegg:

- Vi ber om at det vert lagt inn avgrensingar på byggehøgder for felt BF1, i tilfelle ein nokon gang må eller ønskjer å bygge nytt her.
- Vi ber om at det også vert lagt inn avgrensingar på tal på bueiningar innanfor BF1.

SOSI-fil:

- Geodataavdelinga informerer om at det manglar sikringszone ved raudbrun markering (sjå under), og vi ber om at de sender inn oppdatert SOSI-fil.



Med venleg helsing



Kristin Nielsen

Arealplanleggar/siv.ark

Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03